



<Gradering>, <Paragraf>

Dykkar referanse:
<Dykkar ref>

Vår referanse:
<Vår ref>

Stad, Dato:
Sogndal 25.mars 2021

HATEFULLE YTTRINGAR OG TRUGSMÅL MOT FOLKEVALTE OG ANDRE MYNDIGHEITSPERSONAR.

Kommunenenes Sentralforbund (KS) presanterte i desember 2020 ein rapport som syner at 43% av folkevalte har vore utsatt for hatefulle ytringar og/eller trugsmål. Undersøkinga synte også at mange opplevde dårleg oppfylgjing av sakene og at sakene vart lagt bort utan ei avgjerd.

Rapporten synte også at mange vegrar seg mot å delta i offentleg ordskifte eller å ta på seg politiske verv. Internett har endra debattklima. I ytterste konsekvens kan det føra til at folkevalte ynskjer å slutta som politikarar og at folk kvir seg for å ta på seg politiske verv. Hets, trugsmål og hatefulle ytringar kan føra til at politikarar vert passivisert eller vert påverka til å ta avgjerder ein ellers ikkje ville ha teke.

Dette kan i ytterste konsekvens rokka ved demokrati og ytringsfridom.

Politiet har løfta fram dette tema som eit fokus område inn mot Stortings og Sametingsvalet 2021.

Politidirektøren har kommunisert ut fylgjande intensjon:

"Politiet skal bidra til at valgkampen og valget gjennomføres på trygg og sikker måte, samt arbeide for å forebygge at myndighetspersoner, politikere og andre samfunnsdebattanter utsettes for fysiske angrep, trusler og hatefulle ytringer".

I Vest politidistrikt vert dette organisert med ein ansvarsdeling mellom Felles førebyggjande eining (FF) og dei geografiske einingane/lokalt politi. FF vil ha dialogen med partikontora i Vestland og fylkespolitikarane. Me i dei geografiske driftseiningane vil ha dialogen med Stortingskandidatar og lokalpolitikarar (ordførar/kommunestyre).

Tiltak frå geografisk driftseining i Sogn og Fjordane (GDE):

- 1.Informasjon ut til alle ordførarar (dette brevet). - ansvar GDE leiar
- 2.Invitasjon til dialog/møte med alle førstekandidatar på Stortingslister frå Sogn og Fjordane. Førstekandidatane får i oppdrag å informera vidare sine kollegar på lista. - ansvar GDE leiar.

Vest politidistrikt

Bergen
Post: Postboks 85 , 6901 Florø
Besøk: Allehelgens gate 6, Bergen

Tlf: 55 55 63 00
Faks: 55 55 65 50
E-post: post.vest@politiet.no

Org. nr.: 983 998 461
Giro:
www.politi.no

3. Lokalt politi i lag med ordfører set dette tema på dagsorden i politirådet. – ansvar politikontakt.
4. Ordfører før opp debatten i politiråda med informasjon til kommunestyret. – ansvar ordfører.
5. Kommunestyret/ordfører skal ha ein fast kontaktperson for å ta opp denne problemstillinga med. Normalt vil det vera den lokale politikontakten. – ansvar politikontakt.
6. Politikontaktane/lokale leiarar får ansvaret med å ta dette vidare som tema med ordfører/politiråda. – ansvar politikontakt.

Med helsing

Arne Johannessen

Politiinspektør

Leiar driftseining Sogn og Fjordane

Vest politidistrikt.